

Samtale med barnet

Ved gjennomføring av samtalar med barn om sensitive tema i livet deira, er det viktig med bevisstheit om kommunikasjon og eigne haldningar. Det fins ikkje éi oppskrift for slike samtalar. Samtalane vil variere avhengig av situasjon, tema og barnets alder og språklege føresetnadar. Det er likevel nokon sentrale prinsipp og anbefalte metodar som den vaksne bør kjenne til.

Før samtalen:

- **Ver roleg**
Barn kan kome til å fortelje om vonde ting det har opplevd, eller vanskelege situasjonar det står i. Barnet treng at den vaksne på ein roleg måte lyttar til det som blir formidla, og at det som blir fortalt ikkje blir avvist, bagatellisert eller bortforklart.
- **La ikkje andre barn vere i nærleiken av denne samtalen**
Eit barn kan begynne å snakke om temaet når det er andre barn til stade. Av omsyn til barnet og omgivnadane, er det derfor viktig at du regulerer tid og stad for samtalen. Strukturert samtalen slik at det blir tydeleg at han/ho blir teken på alvor, men at barnet får beskjed om at det skal være åleine med deg når temaet skal utdjupast. Dersom du ikkje har høve til å ta barnet ut av situasjonen der og då, kan du seie til barnet: «Det er fint at du fortel om kva du har opplevd, og dette må du og eg snakke om åleine etterpå.» Gjennomfør samtalen så raskt du har høve til det, etter prinsippa som er skissert under.

Under samtalen:

- **Set av god tid til samtalen, då det er viktig å følgje barnet sitt tempo**
Det kan bli nødvendig med oppfølgingsamtalar, og det anbefalast derfor ikkje å ta samtalen før helg/fridagar.
- **Plassering**
Plasser, om muleg, barnet nærast døra. Du bør ikkje sitte rett overfor barnet, men la heller barnet ha fritt blikk framover. Då er det lettare for barnet å formidle det som er vanskeleg.
- **Klargjer premissa for samtalen med barnet**
Samtalen må gjerast forutsigbar slik at barnet veit kva som skal skje, korleis og kvifor samtalen finn stad. I kva grad du kjenner barnet og har ein god relasjon, bør vere indikator på kor raskt du kan nærme deg sjølv temaet. Det kan vere nødvendig å bruke tid på å trygge barnet først med småprat/leik.
- **Det kan være lurt at du begynner å snakke i samtalen**
Ikkje legg ansvaret for samtalen på barnet. Det er viktig at du ikkje lovar at det som blir fortalt blir ein hemmelegheit mellom deg og barnet.
- **Unngå ledande spørsmål**
Ei spontan og fri forteljing er det mest truverdige. Forsøk å unngå lukka ja/nei-spørsmål. Ikkje innfør ord som barnet sjølv ikkje har kome med. Då kan viktige deler av historia gå tapt. Gjenta det barnet sjølv seier, og sei f.eks.: "Kan du fortelje litt meir om...".
- **Husk at barnet har ein rett til å uttale seg, men ikkje ei plikt**
Det er viktig at barnet ikkje blir pressa til å snakke. Barnet bestemmer sjølv kva du skal få vite, og når du skal få vite det.
- **Skriv ned det barnet fortel, og kva du sjølv seier**
Dette er viktig for eventuell vidare saksgang.
- **Fortel barnet at det var riktig at han/ho kom til deg**
Barn treng å få tydeleg beskjed om at det er lov å snakke om vanskelege ting, og om det som skjer heime.

Avslutning av samtalen:

- Fortel at du vil hjelpe og at du må snakke med nokon andre vaksne for at ting skal bli betre. Barnet kan bli engsteleg for at du skal fortelje vidare til foreldra. Det er viktig å formidle til barnet at det skal få beskjed om når du ev. fortel det til foreldra, slik at det ikkje treng å engste seg unødvendig. Sei til barnet at du skal følgje opp dette på ein trygg og forsiktig måte. Vidare er det viktig å formidle at barnet ikkje er åleine, og at du kjenner andre barn som har opplevd det same.

Forslag til gode formuleringar og utfyllande informasjon om samtalar med barn finn du på litteraturlista.

- *Åse Langballe (2011): Den dialogiske barnesamtalen, hvordan snakke med barn om sensitive temaer*, Nasjonalt kunnskapssenter
- *Informasjonshefte (2008): Vold i nære relasjoner*. Utarbeidet av Alternativ til vold(ATV), skoler, barnehager og helsestasjoner, Sosialsenteret, Senter for oppvekst og politiet i Drammen